



Britt Smelvær

”Stille”

Britt Smelvær

"Stille"



Vestlandske
Kunstindustrimuseum

24. mai - 16. august
1998

Forord

ANNE BRITT YLVISÅKER

Ambisjonen bak den nordiske vandrestillinga med tekstilkunstnaren Britt Smelvær, er å vise mangfaldet i tekstilkunsten. Vestlandske Kunstindustrimuseum tok initiativet til utstillinga ut frå ønskje om å presentere kunstnarar fram mot tusenårsskiftet som kan personifisere typiske trekk ved kunsten det siste hundreåret. Britt Smelvær er ein slik kunstnar.

For vel hundre år sidan arbeidde Vestlandske Kunstindustrimuseum, saman med søsterinstitusjonane sine, aktivt for å fremje eit tekstilt kunsthandverk i landet. Med frontfigurar som Frida Hansen og Gerhard Munthe vaks det då fram ein ny norsk biletvev tufta på tradisjonell teknikk- og materialbruk.

Men tekstilkunst er ikkje noko statisk fagområde. Teknikk og materiale er ikkje lenger knytt til tradisjonen på same vis som tidlegare, men er blitt ein del av det personleg skapte kunstuttrykket. Vi ser det i verka til Britt Smelvær. Å følgje kunstnarskapet hennar er samstundes å følgje utviklinga av eit kunstmedium frå ei orientering om formale aspekt til ei orientering om idébaserte installasjonar. Kunsthandverket er blitt tekstilrelatert kunst.

Heile kunstfeltet er i dag flytande og utydeleg. Dette gjev ringverknader. Ikkje minst må etablerte kunstinstitusjonar, som Vestlandske Kunstindustrimuseum, revurdere grensene sine mot omverda. Det er ikkje tilfeldig at utstillinga til Smelvær vil vitje utstillingsstader med høgst ulike utstillingstradisjonar på vandringa si gjennom Norden.

Vi takkar Nordisk Kulturfond, Nordisk Konst- og Konstindustrikomité, Det Kongelige Kulturdepartement og Norsk Kulturråd for økonomisk stønad til prosjektet. Ei ekstra takk går til artikkelforfattarane, oversetjarane, og ikkje minst til kunstnaren - som er sjølv krumtappen i prosjektet.

Bergen, april 1998

Anne Britt Ylvisåker

Prosjektleder/Project Supervisor

Preface

The objective underlying the travelling exhibition of textile artist Britt Smelvær's works is to show the multi-faceted nature of textile art. The West Norway Museum of Decorative Art took the initiative to set up the exhibition in order to present, toward the turn of the millennium, artists who represent a typical development of the present century. Britt Smelvær is one of these artists.

Over one hundred years ago, the West Norway Museum of Decorative Art worked actively together with sister institutions to promote textile craft in Norway. With key artists such as Frida Hansen and Gerhard Munthe, there emerged a new trend in Norwegian tapestry weaving based upon traditional techniques and materials.

Textile art is not a static field. Techniques and materials of textile art are no longer connected to tradition in the same way as they used to be. Nowadays they are to a large extent a matter of the artist's individual artistic expression. Britt Smelvær's work is a good example of the changes which have taken place. To follow her artistic development is the same as to follow the development of a medium of art, from its being oriented toward form to its being oriented toward idea-based installations. Craft has become a textile oriented art.

At present, the whole of the field of art is changing, and the concept of art is fuzzy. This has consequences. One such a consequence is that established art institutions, such as the West Norway Museum of Decorative Art, must re-evaluate their boundaries against the outer world. It is not accidental that the exhibition of Smelvær's works will be travelling through the Nordic countries (Iceland, Denmark, Finland, Norway and Sweden) to exhibition sites with extremely different exhibiting traditions.

We would like to take this opportunity to thank the Nordic Cultural Fond, the North Calotte Committee, the Ministry of Cultural Affairs and the Norwegian Council of Culture for their financial contribution to the present project. Our special thanks go to the authors of the articles, the translators, and last but not least, to the artist herself, who is the key figure in this project.





"Søllested", Transit Charlottenborg (DK), 1997

